



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Stein Byrkjeland, 5557 2114  
Julie M. Andersen, 5557 2355

Vår dato  
15.2.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/3882 432.4  
Dykkar referanse

### Adresseliste

## Forvaltningsplan for sjøfugl i Hordaland - høyring

**Fylkesmannen har utarbeidd forslag til forvaltningsplan for sjøfugl i Hordaland  
Vi ønskjer innspel fra kommunar, organisasjonar og andre. Vi ber spesielt om  
merknader frå grunneigarar, både i etablerte naturreservat og i hekkeområde utan  
formelt vern. Høyningsfristen er sett til 4. april 2016.**

Forvaltningsplanen omtalar alle fugleartar som held til i kystsona, deira status og kva faktorar som påverkar bestandane. I planen har vi sett fokus på tiltak som kan bidra til at kysten også i framtida skal vere levande, med livskraftige bestandar av sjøfugl.

Heile forvaltningsplanen er eit omfattande dokument, med eigne forvaltningsplanar for 69 ulike område og detaljert omtale av mange faktorar som er viktige for sjøfuglane på Vestlandet. Sjøfuglreservata har fleire hundre grunneigarar, og i tillegg er det mange andre som skal ha planen til høyring. Det er uråd å sende utskrift av eit så stort dokument til alle desse, så høyningspartane vert oppmoda om å laste ned dokumenta frå fylkesmannen si nettside, sjå denne linken:

<https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Hoyringar/>

Grunneigarar finn eit ark vedlagt dette skrivet med omtale av eige område.

Du finn heile planen på Fylkesmannens nettside, der du kan laste ned dei ulike kapitla. På nettsida ligg også lenke til skjema som kan nyttast i samband med høyringa.

### Trugsmål mot sjøfuglane

Fleire av sjøfuglartane våre har dei siste tiåra hatt ein markant nedgang i bestanden. Nedgangen gjeld spesielt fiskeetande sjøfuglar som terner og fiskemåse. Bestanden av teist er òg sterkt redusert, og artar som steinvendar og tjuvjo er i dag borte som hekkefuglar. Andre artar, som skarv og ærfugl, har over tid hatt ei positiv utvikling.

Utviklinga skuldast truleg storskala miljøendringar, der uroing på hekkeplassen, svikt i næringstilgang, klimaendringar, ureining, påverknad frå mink og andre predatorar er viktige

faktorar. Men samanhengane i det marine miljø er komplekse og samansette, og vi treng meir kunnskap om kva som påverkar kystmiljøet, og kva som gjer at sjøfuglane våre slit med rekruttering.

Forvaltingsplanen har ein overordna visjon om at sjøfuglbestandane i Hordaland innan 2015 skal vere på same nivå som i 1980 eller betre. Målretta forvaltning av sjøfuglreservata er nødvendig for å nå dette målet.

Sett i lys av våre nasjonale og internasjonale mål og forpliktingar om å sikre det biologiske mangfaldet, er omsyn til sjøfuglane sine livsvilkår relevant for ei rekke samfunnssektorar. Alle desse må difor bidra med innsats innanfor sitt ansvarsområde.

## **Status for dei enkelte artane**

Opprettig av sjøfuglreservata i Hordaland er i all hovudsak basert på registreringar frå 1979 og 1980. Etter 1988 vart det etablert oppsynsordningar for reservata, og det var sett i gang teljingar av ein del bestandar. Etter 1993 har metoden som har vore nytta i registreringane vore meir systematisk enn tidlegare, og registreringane har pågått over ei tidsrekke. Vi har difor eit bra grunnlag for å vurdere utviklinga i dag.

## **Mål og tiltak i eksisterande verneområde**

Ein forvaltingsplan er ei rettesnor for forvaltinga av verneområda. Den er ikkje juridisk bindande slik som verneforskriftene er, men planen utdjupar reglane som gjeld for dei enkelte naturreservata.

Det er utarbeidd forslag for dei 69 etablerte sjøfuglreservata. Planen har fokus på tiltak knytt til skjøtsel og forvalting, som til dømes fjerning av vegetasjon og tiltak mot mink.

Tiltaka er samla i tabell under omtale av kvart område.

I tabellen er det òg utarbeidd forslag til bevaringsmål og forvaltingsmål. Dette er nye verkemiddel som miljøvernforvaltinga har teke i bruk for å måle verknaden av gjennomførte tiltak. Bevaringsmåla peikar på ønska tilstand i verneområda, medan forvaltingsmåla uttrykkjer overordna mål, der verneområdet er sett i regional eller nasjonal samanheng.

Grunneigarane og andre lokale aktørar er viktige samarbeidspartar for gjennomføring av tiltaka. Vi ønsker synspunkt på framlegga i planen.

## **Forvaltingsråd for hekkekoloniar utan formelt vern**

Forvaltingsplanen omtalar òg 23 område der det i dag hekkar sjøfugl, men som av ulike årsaker ikkje er omfatta av formelt vernevedtak. Sjøfuglane byter gjerne hekkeplass og endrar

åtferd over tid, og dette skjer stundom raskt og uventa. Slike område er også viktige å forvalte i framtida, men då med eit annleis og enklare regime enn ved å verne dei etter naturmangfaldlova.

For å møte desse utfordringane har Fylkesmannen utarbeidd eit informasjonsskilt om hekkande sjøfugl som grunneigarar og kommunen kan nytte som frivillig tiltak. På skiltet vert folk oppmoda om å ta omsyn til fuglane og unngå uro i hekkesesongen. Fylkesmannen og Statens naturoppsyn kan hjelpe til med å få på plass slike skilt. Dei kan takast ned når hekkesesongen er over, og fjernast heilt om hekkinga opphører. Dette er difor eit fleksibelt tiltak som kan hjelpe grunneigarar og publikum til å ta sin del av ansvaret for å ta vare på sjøfuglane våre. Grunneigarar i slike område får tilsendt kopi av kapittel 5 i forvaltingsplanen, vedlagt dette høyringsskrivet.

## Høyring

I 2013 og 2014 gjennomførte Fylkesmannen orienteringsmøte for alle grunneigarar og kommunar. Vi fekk inn mange gode innspel som er innarbeidde i planen. Når den formelle høyringa er gjennomført, kan Fylkesmannen godkjenne ei endeleg utgåve av forvaltingsplanen. Denne vil bli lagt til grunn for tiltak og prioriteringar i åra framover.

Fylkesmannen ber om at høyringsuttaler blir sendt oss innan **4. april 2016**.

## Innspel

Innspel til forvaltningsplanen kan du sende på skjemaet som ligg på [Fylkesmannens nettside](#), som brev til Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen eller e-post til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no). Merk med referansenummer 2013/3882.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernsjef

Stein Byrkjeland  
ass. miljøvernsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

(adresselista er tilgjengeleg på Fylkesmannen i Hordaland si heimeside)